

Vår ref.:
24/01559-18

Dato:
12.12.24

Referat frå IDF-møte 04.12.2024

Tid: kl. 12:30-14:00 på Zoom

Til stades:

Frå tenestemannsorganisasjonane (Tillitsvalde)

Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet
Jan Ove Mjånes, Akademikerne
Tone Skjerdal, NTL/LO-stat
Karl-Eric Melander, Parat/YS-stat

Hovudverneombod: Karin Bell, (HVO)

Frå arbeidsgjevar:

Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør
Anette Fristad, Avdelingsleiar HR
Anette Undheim, seniorrådgjevar HR
Linn Melby Meyer, seniorrådgjevar HR
Wenche Fjørtoft, Seniorrådgjevar HR (referent)

Linda Stavland, seniorrådgjevar OUD, deltok i sak 41/24
Gunn Reidun Mowatt Gruben, seniorrådgjevar HR, deltok i sak 41/24
Lisbeth Thomsen, seniorrådgjevar HR, deltok i sak 42/24

37/24 Informasjon frå tillitsvalde

38/24 Informasjon frå HVO

39/24 Informasjon frå arbeidsgjevar

40/24 Starta og slutta i HVL

41/24 Status for Kompis

Linda Stavland informerte om systemet og utvikling av Kompis.

Tillitsvalde:

- Dersom verktøyet skal vere nyttig for oss må det vere eit **skal** for å fylle ut skjema
- I skjema for kompetanseutvikling bør ein kunne leggje inn ønskjer om si eiga utvikling
- Tidlegare arbeidserfaring kan leggjast inn i eigen tabell

Arbeidsgjevar: Systemet er under utvikling og det er viktig å få tilbakemeldingar frå tilsette. Planlagt/ønskje om kompetanseutvikling skal kome betre fram.

Tillitsvalde:

- Medarbeidarsamtalen er eit viktig område
- Er det frivillig eller ikkje å fylle ut i Kompis?

Arbeidsgjevar: Vi har hatt høge ambisjonar for verktøyet, og det har tatt tid. Men vi opplever at vi er i ferd med å få eit verktøy som vert viktig for kompetanse- og bemanningsplanlegginga. For å utnytte potensialet treng vi komplette data. Det at ikkje alle tilsette fyller ut sin eigen kompetanseprofil, og registrere sin eigen CV i KOMPIS, hemmar oss. Vi ønskjer å stille eit tydeleg krav om at alle tilsette skal fylle ut eigne data. Vi har teke dette inn i *Tilpassingsavtalen* med ei forplikting for tilsette, og vil følgje dette opp.

Tillitsvalde:

- Støttar at det er **eit skal** å fylle ut Kompis. Det fungerer ikkje alltid sjølv om det står at det er eit krav. Bør motivere og gje påminningar. Ein må framheve nytten ved å fylle ut i Kompis. Framheve nytten av systemet som t.d. at ein kan generere søknadar osv.
- Må kunne innarbeidast i medarbeidarsamtalen og takast opp der.
- Bør kunne tilby rettleiing til utfylling.

Arbeidsgjevar: Kompis må innarbeidast som tema i medarbeidarsamtalen.

42/24 Arbeid med ny forskrift til UH-lova.

Til møtet var det sendt ut saksframlegget som er utarbeida til TL-møtet 10.12.

Lisbeth Thomsen orienterte om saka.

Tillitsvalde:

- påpeikar at det har gått lang tid før tillitsvalde blir kopla på saka.
- Kva med språkpolitikken i HVL? Vi må tenkje på miljøutvikling og arbeidsspråk. Vi må få til arena for trygg språkutvikling.
- Vi bør utnytte moglegheitene som lova gir. Vi bør anerkjenne og opne opp i staden for å lukke ned.
- Stiller spørsmål om tilsetjingsvilkår for rekrutteringsstillingar. Kan ein søkje for andre gong og få utviding av tida? Å tydeleggjere dette vil hjelpe oss i avgjerdene. Bør ha ryggdekking i retningslinene.
- Støttar at ein generelt bør bruke moglegheitene som forskrifta gir.

HVO: skal ein ha same arbeidsoppgåvene når ein endrar stillingar?

Arbeidsgjevar: Overgangsordningar gir ikkje automatikk i at ein får endra arbeidsoppgåver.

Rekrutteringsstillingar som gjeld særleg stipendiatstillingar og uføreseielege situasjonar; Firemånadsregelen er ein vidareført praksis, men vi har meir erfaring no. Noko fell vekk i den nye forskrifta: no gjeld det kunn uføresette hindringar som er relatert til arbeidet. Omsorgsordningar som har vore i den gamle forskrifta fell vekk. Det skal ivaretakast på vanleg måte av arbeidsmiljølova. Vi har ei moglegheit til å vurdere kva som er rimeleg tid i høve til ei forlenging.

Vi ønskjer å lage meir likskap mellom fakulteta, t.d. kva dokumentasjon som skal følgjast i ein søknad. I dag er det forskjellar.

Tillitsvalde spelar inn at representantar i tilsettingsutvala har mykje erfaring frå slike saker og kan spele inn i arbeidet.

Arbeidsgjevar: Det er ein del arbeid som skal gjerast for å leggje til rette for den enkelte institusjon, derfor treng vi å bruke dei overgangsreglane som gjeld i forskrifta. Ansvar for språkravet ligg hos ALU.

43/24 Årshjul 2025

Nokre datoar må endrast.

44/24 Arbeidstid/overtid for vitskapleg tilsette

Arbeidsgjevar: Det er ulik praksis på fakulteta. Vi vil sjå på handtering av fråvær i arbeidsplanane og korleis overtid blir handtert. Vi ønskjer å vere **ein** arbeidsgjevar og ha like system.

Det vil bli nedsett ei arbeidsgruppe med ein tidsplan som blir sendt tillitsvalde til gjennomsyn.

45/24 HMS retningslinjer

Arbeidsgjevar orienterte og ber om skriftlege innspel til retningslinjene.

Tillitsvalde: Fint at retningsliner kjem på plass.

HVO: stiller spørsmål om ADU har godkjente lagerrom for spesialavfall og om dei har kompetanse på alle fem campus til å handtere spesialavfall? Er ADU kjent med at dei har fått ansvaret?

Arbeidsgjevar: ADU har fått moglegheit for å kome med innspel. Dette blir ein del av implementeringa når retningslinjene er vedtekne. Vi må sikre kven som har ei rolle i dei ulike retningslinjene.

Tillitsvalde: Det er viktig at bestillar av kjemikalier har kontakt med ADU før bestilling, slik ein kan leggje til rette for å ha rom og oppbevaring før ein bestiller. Etterleving og praksis blir viktig.

46/24 Ymse

Tillitsvalde: I AMU har ein hatt sak om livsfasepolitikk og personalpolitikk . Saka må også til handsaming i IDF-møte. Tillitsvalde ønskjer å behandle denne saka på same måte som tilpassingsavtalen og løns politikken, slik det blir gjennomgått og forhandla.

Arbeidsgjevar: Livsfasepolitikken er ein del av personalpolitikken. Vi ønskjer å sjå på korleis vi kan jobbe overordna med personalpolitikk i HVL. Vi vil kome tilbake til korleis vi skal jobbe med saka.

Tillitsvalde: Nokon utrykkjer at «no er vi seniorar så no bør vi vel slutte». Det er synd.

Arbeidsgjevar: Tilsette må ta val ut frå sin situasjon og ikkje kva HVL har behov for. Dette må kommuniserast ut til tilsette. Det er ei individuell vurdering når ein vil gå av med pensjon.

HVO spør om HVL vil gje høyring i Arbeidsmiljølova pkt. 4,3?

Arbeidsgjevar: Vi skal sjå på dette og vurdere om vi skal uttale oss.